



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 11/2010

Møtedato: 17.3.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S879

S 879, Jaslangen – søknad om tilbygg på sel

Jan Bjarne Moe søker om å få bygge om inngangspartiet på selet. Det vil ikke blir auka areal på selet.

I stølsregisteret er det registrert følgjande hus:

Hustype SumAreal

Uthus/skåle 17

Fjøs 31

Låve/løe 15

Sel 87

Stølen er i bruk til beite og er i bruk etter fjellova. Støl som er i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjør, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 10.3.10 gjeve følgjande tilbakemelding:

Vurdering

Seterhus er oftast enkle hus og bør fortsette å vere det. Ved endringar på bygningsmiljø i slike område er det viktig å ta omsyn til og vidareføre tradisjon med omsyn til struktur og målestokk på staden. Når ein treng meir areal er det viktig å fylge tradisjonen på staden. Tilbygg til seterhus bør underordne seg den eksisterande bygningen. Nokre stader er det naturlig at lange, smale seterhus forlengast med tilbygg. I andre område er det tradisjon å bygge fleire mindre frittståande einingar framfor ein stor. Som en hovedregel bør utbygging i bredda unngåast.

Teikningar av det planlagde tilbygget ligg ved søknaden. Dei viser at taket er snudd for å få større høgde ved døra. Det er tradisjon med inngangsparti som er bygde på denne måten. Inngangen kan difor gjerne byggjast slik, men formspråket må forenklast. Viste utskjeringsar på stolper må takast bort. Det er heller ikke tradisjon med utstikk på tak på den måten det her er vist. Dette må difor takast bort. Dør kan med fordel plasserast meir mot midten, dette har vore vanlig på eldre sel.

Konklusjon

Fylkeskonservatoren har ikke innvendingar mot at Vestre Slidre Fjellstyret godtek endringa av inngangspartiet dersom utstikket på taket vert fjerna og formspråket vert forenkla.

Vi ber om å bli orientert om vidare gang i saka.

Statskog har i brev datert 12.3.10 ingen merknader til søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene på vilkår av at bygget blir ført opp i samsvar med merknader fra Oppland fylkeskommune. Reviderte teikningar skal oversendast fjellstyret.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevevdetaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikke gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.3.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jan Bjarne Moe
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune